



10.desember 2009

PROTOKOLL

Møte i **PROGRAMUTVALET FOR LÆRARUTDANNING** onsdag 9.desember, kl 1300-1500, rom 372, HF-bygget, 3.etasje.

Til stades:	Leiar	Endre Brunstad
	LLE	Torodd Kinn
	IF	Anne-Brit Fenner
	Studentrepresentant, IL	Elin Stengrundet
	AHKR	Sven-Erik Grieg-Smith
	Frå administrasjonen	Erna Synnøve Kjensjord (sekretær)

I **Godkjenning av innkalling og sakliste.**

Innkalling og sakliste vart godkjende utan merknader.

II **Godkjenning av protokoll frå møte 16.11.2009.**

Protokoll frå møte 16.11.09 vart godkjend utan merknader.

III **Orienteringssaker**

1. Evaluering av fråfallet på integrert lektorutdanning

Brunstad/Oldervoll orienterte. Utdanningsutvalet ved UiB har løyvt 120000 kr. til ei evaluering, det vil seie ei form for spørjeundersøking/intervju. HF har fått i oppgåve å kome med innspel til designen for spørjeundersøkinga. Fokuset skal vere på dei studentane som har slutta på programmet. Det er et poeng at evalueringa bør skje fort, og det er eksterne aktørar som skal gjennomføre undersøkinga. PUHF vil verte sentral i analysen av resultatet.

2. Dialogmøte med IL-studentar 17. november

Det kom merknader til nokre punkt i oppsummeringa av dialogmøtet, og Kjensjord vil sende ut ei ny oppsummering til utvalsmedlemene for godkjenning.

3. Forskingsseminar med Ernesto Macaro 23. november

4. Orienteringsmøte våren 2010

Førebels forslag til orienteringsmøte frå Kjensjord er måndag 11.januar kl.10.15, men endeleg tidspunkt vert bestemt per e-post i etterkant av møtet. Det er

5. Nye undervisningsemne i lærarutdanninga våren 2010

- Fellesseminar i språkdidaktikk 8. januar 2010
- Fagdidaktikk på 200-nivå, IL, 5 stp.
- Fagdidaktikk på 300-nivå, IL, 10 stp.

6. Eksamensordninga på første semester PPU for språkfaga

Munnleg på møtet.

7. Eksamensavviklinga hausten 2009

Representantane frå institutta rapporterer.

8. Lærarutdanningsadministrasjonen ved HF og PUHF frå 1. januar 2010

Saka vart flytta til "Eventuelt", som ei eiga sak med vedtak.

9. Nytt frå programstyret

- Programstyremøte
- UHR-seminar ved NTNU om PPU

10. Kva skjer med LUHF?

11. Sideblikk: Utviklinga av grunnskulelærarutdanning ved høgskulane

Internett:

- A) Høyringsframlegg om forskrift til rammeplan for grunnskulelærarutdanning:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/hoeringer/hoeringsdok/2009/horing--forskrift-om-rammeplan-for-grunn.html?id=584211>

Her legg ein opp til meir pedagogikk og fagdidaktikk, og det vert vanskeleg å få innpassing med tradisjonelle grunnfag. Det vert fritak frå målformkrav for studentar som ikkje vel norsk i fagkrinsen (norsk er ikkje lenger obligatorisk, medan pedagogikkfaget har auka enormt).

- B) Regional fordeling av studieplassar:

<http://www.regjeringen.no/upload/KD/Vedlegg/UH/Vedlegg/lærerutdanning%20fordeling%20vedlegg.pdf>

- C) Nasjonale rammer

http://www.regjeringen.no/upload/KD/Rundskriv/2009/rundskriv_%20om_%20nye_%20grunnskoleaererutdanninger.pdf

For UH-nett Vest vert Høgskolen i Bergen trekt fram som "regionens største institusjon". UiB skal leggje til rette for studietilbod i "annet fremmedspråk".

12. Juleavslutning for tilsette i lærarutdanninga 10.desember

13. Avslutningsmarkering for PPU 11.desember

Fredag 11. desember klokken 16- 17.30 blir høstens eksamenskull PPU markert i Studentsenteret.

14. Vedtak i programstyret om felles retningslinjer for praksisbesøk

IV

Saker

S09/12

Master i utdanningsvitenskap (drøftingssak)

S09/13

Møtedatoar våren 2010

S09/14

Integrasjon i lektorutdanningsmodellen (diskusjonssak)

V

EVENTUELT

O-sak 8 vart meldt inn som ei ekstra vedtakssak, og eit framlegg til vedtak presentert i møtet. På bakgrunn av merknader i møtet, vart det bestemt at framlegget til vedtak skulle sendast ut til medlemene i etterkant av møtet for godkjenning og endeleg vedtak.

Endre Brunstad

Erna Synnøve
Kjensjord

16.november 2009

PROTOKOLL

Møte i **PROGRAMUTVALET FOR LÆRARUTDANNING** mandag 16.november, kl 1315-1500, rom 435, HF-bygget, 4.etasje.

Til stades:	Leiar	Endre Brunstad
	LLE	Torodd Kinn
	IF	Anne-Brit Fenner
	Studentrepresentant, IL	Elin Stengrundet
	Frå administrasjonen:	Erna Synnøve Kjensjord (sekretær)
Meldt fråfall:	AHKR	Sven-Erik Grieg-Smith

I Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkalling og sakliste vart godkjende utan merknader.

II Godkjenning av protokoll frå møte 29.10.2009.

Protokoll frå møte 29.10.09 vart godkjend utan merknader.

III Orienteringssaker**1. Dialogmøte med studentane 17.11.09**

Kjensjord vil ønskje studentane velkomen, og seie litt om kva som skal skje i løpet av møtet. Punkt som skal gåast gjennom er å seie litt om studentmobilitet og fråfall generelt, synet på utdanninga og positive sider ved den, og utvekslingsspørsmålet. Studentane skal få høve til å uttale seg om/diskutere dei ulike punkta, og ta opp egne saker.

2. Fagdidaktisk møte i desember (saka utgjekk)

3. Drøftingssak: Masterstudium i utdanning (med mastergrad i engelsk og nordisk fagdidaktikk) (sjå eige vedlegg)

Saka dreier seg om at UiB har fått tildelt studieplassar til eit toårig masterstudium i utdanning. Nyheita om tilbodet kom overraskande, fordi ein tidlegare førespurnad om oppretting av eit slikt studium har vorte avslått. Visedekan for undervising, Jan Oldervoll, er no medlem av arbeidsgruppa som jobbar med saka. Endre Brunstad og Aud Solbjørg Skulstad har hatt møte med Oldervoll, der dei la fram sine synspunkt på planane. Nokre kjernepunkt er opptakskrav, størrelsen på masteroppgåva og pedagogikk si plass i programmet. Det kan vere vanskeleg å få gjennomslag for ei masteroppgåve på 30 studiepoeng, både med tanke på omstillinga som dette vil krevje i fagmiljøet, og at empiri/feltarbeid vil krevje meir tid enn eit semester. Der er elles fleire uklare punkt, mellom anna når det gjeld dei økonomiske rammene og om det er snakk om eit heiltids- eller deltidsstudium.

4. Neste møtedato.

Dato for neste møte er onsdag 9. desember 2009 kl. 13.15-15.00.

5. Offentleggjing av innkallingar og sakliste

Framover vil sakspapira for PUHF-møta verte lagt ut på nettsidene til fakultetet, <https://www.uib.no/hf/om-fakultetet/om-det-humanistiske-fakultet/styre-og-utval-ved-fakultetet/laerarutdanningsutval>. Det er i denne samanhengen viktig å vere nøye med å gjere dei sakane som krev det anonyme.

IV **S09/11**

Saker

Bachelorgrad for studentar som sluttar på integrert lektorutdanning

Vedtak:

PUHF tek til etterretning at studentar som sluttar på lektorutdanningsprogrammet etter sjette semesteret, vil vere kvalifiserte for ein bachelorgrad i språk eller eit språkfag, og at dei på den måten har formelt grunnlag for opptak til masterutdanning i spesialiseringfaget. Føresetnaden er full studieprogresjon, ei 15 studiepoengs semesteroppgåve på 200-nivået, og at fagdidaktikkemna i spesialiseringfaget vert godkjent som del av spesialiseringa.

V

EVENTUELT

Kjensjord meldte inn ei ekstra o-sak (o-sak 5 om offentliggjing av innkallingar og protokollar).

Kjensjord informerte òg om ein førespurnad frå programkoordinator på PPU om utnemning av medlem til arrangementskomiteen for avslutningsmarkering av haustens uteksaminerte PPU-kull. Det vart føreslått å spørje Wanda Alberts om å delta i komiteen.

Endre Brunstad

Erna Synnøve
Kjensjord

Vedlegg, orienteringssaker

O-sak 2 Dialogmøte med IL-studentar 17. november

**Oppsummering av studentenes innspill på dialogmøtet
17.11.09**

Holdninger hos ansatte + rykter

- Tidlig "rykte" om at IL var en dårligere utdanning enn andre, blant annet gjennom direkte tilbakemeldinger fra faglærere om at de ikke ville bli kvalifiserte lærere i fag II når de "bare tok 50 studiepoeng". Forelesers ord blir tatt alvorlig, studentene tror på det.
- Kjent sak at flere forelesere har uttalt seg negative til programmet
- Mange merkelige rykter generelt ("jeg tror vi må slutte å høre på alt andre studenter sier, og heller gå og spørre hvordan det er").
- Lite informasjon ved studiestart om hva som gjør dette studiet spesielt, hvordan det skiller seg fra andre studier. Realiteten.

(spørsmål fra Aud Solbjørg): hvorfor så få velger fagdidaktisk oppgave?

- flere oppfattet et skille mellom fag og fagdidaktikk; "de fagdidaktiske emnene er så små at en ikke føler en blir kvalifisert nok i emnet til å velge en fagdidaktisk oppgave".
- Interesse – mange har større interesse for språk og litteratur
- Størrelsen på emnene – gjør heller ikke at emnet blir prioritert ("det er jo bare 5 stp")

Fagundervisningen ikke motiverende nok

(student på engelsk) "Mange dårlige forelesere", bare "fagrettede" forelesninger, forelesere som heller hører hjemme på en forskningslab..." – "lite motiverende", "over hodet på oss"

- gjør at mange kan ha mistet motivasjonen for faget (og at det ikke nødvendigvis har å gjøre med programmet). Spørsmål fra studenten: Har man frafallstall på *faget*, dvs engelsk, uavhengig av program?

"Rot" på programmet

(kull 07) De visste ikke hvor fastlåst løpet var da de begynte, hvor vanskelig det var å gjøre ting litt annerledes/få til ting. "Rotete".

"Rotete" – i forbindelse med spansk H09, ingen undervisning i didaktikkemnet, ingen klar beskjed om hvilke forelesninger som skulle følges. Sen informasjon om eksamen (oktober).

(nordiskstudent) "Opplevd en del motstand dette semesteret". NOSP103 – ingen reell pensumreduksjon, rykter om hva som er blitt sagt om lektorstudenter på NOSP102 (at de er årsaken til den høye strykprosenten). (Torodd forklarte om bakgrunnen og forsøkte å oppklare bakgrunn for ryktene).

(spørsmål fra Anne-Brit): hva tenker dere om forelesningene, er det at de ikke er obligatoriske et signal om at de ikke er viktige?

- Tenker ikke at det er mindre viktig selv om det ikke er obligatorisk. Men noen trenger likevel "en pisk" – at de mister plassen hvis de ikke møter opp osv. MEN: inntrykk av

at det er generelt stort oppmøte blant lektorstudentene, mens en på eksamen ofte ser nye fjes (som ikke er lektorstudenter).

- Det oppfattes som problematisk at foreleserne ikke er klar over at de har studenter på integrert lektorutdanning. "Foreleserne bør vite hvilke program studentene går på". Studentene opplever stadig at de "blir glemt", i og med at forelesningene er felles. På tysk (100-nivå) opplevde de blant annet at pensumet ikke var blitt redusert, og de fikk ikke beskjed om hva som gjorde det reduserte emnet annerledes enn det ordinære.

Sosiale forhold

Utvanningen på kull 07 (og tidligere) har hatt stor betydning for de som er igjen – kan nesten ikke snakke om noe "kull 07", ingen kull-/klassefølelse. Dette sosiale også viktig grunn til at enda flere slutter. Føles ensomt når så få igjen.

(erfaring fra kull 06) Frafall ikke så mye faglig begrunnet som sosialt. Dette virker bedre i dag, positivt å se stort oppmøte på fagfestene og lignende.

Valgfrihet

Det var også en medvirkende årsak på kull 06 at det viste seg at valgmulighetene for fag II var så begrensede, flere ønsket å ta SV-fag.

Mindre valgfrihet kan være generell grunn. Spørsmål: Hva er *begrunnelsen* for at man på nordisk må kombinere et 200-emne i språk og et i litteratur? (Motargument: formell undervisningskompetanse gis allerede ved 100-nivået).

Generelt: savner begrunnelser, at årsaker oppgis når noe presenteres – f.eks på orienteringsmøter.

"Årsaker" som ble oppgitt var altså:

- Negative holdninger og klare uttalelser blant forelesere
- De mange "ryktene" om at ting var så vanskelig å få til
- Uklarhet ved studiestart angående hvordan dette programmet var i forhold til andre
- Noen mister interessen for faget (bl.a pga dårlige forelesninger)
- Forskjellige typer "rot" på programmet, og at studentene stadig blir glemt
- Sosiale forhold; når så mange slutter, blir det lite motiverende å fortsette
- Mindre valgfrihet enn på andre program, eller ønske om kombinasjoner som ikke programmet tillater

Studentene virket som de hadde forståelse for at årsaksforholdet var sammensatt, og at mange andre forhold enn det rent faglige spilte inn. Én student tok opp igjen poenget med at det også var snakk om "studentmobilitet", og at faglig interesse styrte valgene.

Det kom frem at kullfølelsen og –samholdet var et spesielt positivt trekk ved utdanningen, og at studentmiljøet per i dag er veldig bra. Og at nettopp denne kullfølelsen er sårbar når en opplever frafall.

Til (spesiell) oppfølging:

- uttalelsene om at studentene blir dårligere lærere fordi de "bare tar 50 studiepoeng" i fag II.
- Spanskundervisning høsten 2009: student fortalte at de ikke hadde blitt fulgt opp verken i SPLA106 eller i SPANDI101 (her hadde de blitt anbefalt å følge PPU-undervisningen, men det hadde ikke blitt tilrettelagt/plukket ut hvilke forelesninger, dermed ble det rotete hva de skulle og ikke skulle gjøre). Veiledning i SPLA106 (som erstatning for forelesninger) hadde de ikke fått.
- Emnebeskrivelse (eksamensform, evt.pensumreduksjon) på NOSP103-L?
- Begrunnelsen for sammensetningen på 200-nivået av IL nordisk (mulig å åpne for to litteraturemner/to språkemner i stedet?)

Vedlegg, orienteringssaker

O-sak 14. Vedtak i programstyret om felles retningslinjer for praksisbesøk
(sjå neste side)



Det psykologiske fakultet
Det humanistiske fakultet
Det samfunnsvitenskapelige fakultet
Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet

Referanse

2009/5807-NIH

Dato

19.11.2009

Felles retningslinjer for praksisbesøk i lærerutdanningen

Viser til programstyrets brev av 29.06.09 om behov for kartlegging i forbindelse med praksisbesøk samt til fakultetenes tilbakemeldinger.

Programstyret behandlet fakultetenes innspill i møte 19.10.09 og vedtok følgende:

Basert på innspill fra de fire involverte fakultet, anbefaler Programstyret følgende:

- 1. Faktor per praksisbesøk: 5**
- 2. Max antall besøk per fagdidaktiker/pedagog uavhengig av stillingsbetegnelse skal ikke overgå 14 besøk**
- 3. Fordeling av besøk mellom fagdidaktiker og pedagog: 3 fagdidaktikkbesøk og 1 pedagogikkbesøk. Pedagogikkbesøket bør forekomme i 1. semester dersom studentene har en fagkombinasjon som tilsier at de bør få to besøk av fagdidaktikere på 2 semester.**
- 4. Fakultet/institutt med emneansvar, er også ansvarlig for å dekke inn praksisbesøk ved sykdom eller ved spesielt store studentgrupper. Programstyret oppfordrer fakultet med store studentgrupper om å søke midler fra sentralt hold til å dekke inn ekstrakostnader ved praksisbesøk.**

Programstyret ser det som hensiktsmessig at de fire involverte fakultetene har mest mulig lik praksis når det gjelder rutiner og ressursbruk i forbindelse med praksisbesøk i lærerutdanningen og programstyrets anbefalinger oversendes med dette til de involverte fakultet.

Kari Smith
programstyreleder

Nina Corinne Handing
programkoordinator

UNIVERSITETET I BERGEN

Det humanistiske fakultet
Programutvalet for lærarutdanning

Arkivkode

PUHF-sak: **09/12**
Møte: 09.12.09

Master i utdanningsvitenskap (drøftingssak)

Sjå mandat og utkast til studieplanar. Elles munnleg orientering på møtet.

Framlegg til vedtak: PUHF tek saka til orientering.

Vedlegg:

Utkast til studieplan for Master i undervisning med fordjuping i engelsk (sjå neste side).

Endre Brunstad

Erna Synnøve
Kjensjord

Vedlegg 1:

Ny mal	
Overskrift	Innhald
Namn på studie-programmet	Master i undervisning med fordjuping i engelsk Master in education specialising in English
Mål og innhald	<p>Masterstudiet i undervisning er eit fulltidsstudium over fire semester (eller tilsvarande) der målet er å vidareutdanne allmennlærarar til lektorar for mellomtrinnet og ungdomstrinnet i grunnskulen og for oppgåver i den vidaregåande skulen.</p> <p>Sidan studentane har praksis frå skulen, og studiet har ei innretning som er relatert til undervisning og læring, vil det vere ei overordna målsetning for studiet å kunne byggje bru mellom erfaringskunnskap frå skulen, den forskingsbaserte disiplinkunnskapen i engelsk og den fagdidaktiske kunnskapen.</p> <p>Gjennom masterstudiet skal studentane tileigne seg teoretisk og erfaringsbasert kunnskap og dugleikar som er med på å utvikle deira kompetanse for å undervise i engelsk i grunnskulen. Studiet vil gi ei innføring i vitskapelege arbeidsmåtar og forskingsmetodar knytte til masterfaget, og inneheld trening i sjølvstendig arbeid med faglege oppgåver. Gjennom studiet skal studentane få høve til å utvikle ei meir sjølvstendig og kritisk haldning til kjeldematerialet og til vitskapelege framstillingar. Studiet skal dessutan gi ei grunnleggjande forståing av masterfaget og skulen i ein samfunnsmessig og kulturell samanheng.</p> <p>I studiet vert det lagt vekt på å utvikle kompetanse til vidare fagleg og profesjonell utvikling, slik at studentane kan bidra til å vidareutvikle engelsk som fag. Såleis er det eit mål å fremje kritisk refleksjon og samtalekulturar kring fag, undervisning og læring.</p> <p>Fordjupingsfaget engelsk er kjenneteikna av breidde i aktuelle forskingsemne og er ope i høve til metodar og tilnæringsmåtar. Masterstudentane tek eit kurs i engelskspråkleg litteratur eller kultur, eit i engelsk språk, eit i engelsk fagdidaktikk og eit teori- og metodekurs der fag, fagdidaktikk og pedagogikk inngår. Det er eit mål for instituttet at fordjupingsemna på masterprogrammet i stor grad skal reflektere interessefelte til lærarane og vere forskingsbaserte.</p>
Opptakskrav	<p>Masterstudiet i utdanning med fordjuping i engelsk byggjer på allmennlæruddanning, bachelorgrad eller cand.mag.-grad der det går inn minst 60 studiepoeng engelsk. Karakteren i engelsk må i gjennomsnitt ikkje vere dårlegare enn C (eller 2,7).</p> <p>Sidan studiet er eit vidareutdanningstilbod, er det ein føresetnad at dei som tek til på studiet, alt har arbeidd som lærarar i grunnskulen. Det er vidare eit krav at studentane har praktisk-pedagogisk utdanning.</p>

Tilrådd forkunnskap:	Sjå opptakskrava.

Læringsutbytte/ resultat:	<p>A) <i>Fagleg kunnskap</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Formuleringar <p>B) <i>Tilrettelegging for elevar si læring i faget</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Formuleringar
Innføringsemne	
Obligatoriske emne og spesialisering	<p>I programmet inngår obligatoriske emne i språk (15 studiepoeng), litteratur (15 studiepoeng), fagdidaktikk (15 studiepoeng) og innføring i teori og metode (15 studiepoeng). I tillegg kjem masteroppgåva på 60 studiepoeng.</p> <p>Når det gjeld valet av språkleg og litterært emne innanfor engelskfaget, skal studenten kunne velge mellom ulike emne.</p> <p>På masterstudiet skal det skrivast ei masteroppgåve med eit omfang på 70–110 sider, etterfylgt av ein munnleg eksamen. Masteroppgåva skal skrivast på engelsk og ho gir 60 studiepoeng. Den munnlege prøven har tilknytning til masteroppgåva og kan justere karakteren for masteroppgåva opp eller ned med ein karakter.</p> <p>Som ledd i arbeidet med masteroppgåva skal studentane halde og få godkjent tre innlegg ved eit work-in-progress seminar i fagdidaktikk:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ei projektskisse med annotert bibliografi som gjer greie for hovudtendensar i forskinga innan feltet studenten har valt • Eit utkast til eit kapittel av masteroppgåva • Halde eit innlegg der studenten presenterer kommentarar til kapittelutkastet til ein medstudent. <p>Masteroppgåva skal vere fagdidaktisk og relatert til undervisning og/eller læring i engelskfaget i skulen.</p>
Tilrådde valemne	

Rekkjefølgje for emne i studiet:	<p>Alternativ A</p> <p>1. semester:</p> <ul style="list-style-type: none"> - 15 studiepoeng i engelsk språk - 15 studiepoeng i engelskspråkleg litteratur eller kultur <p>2. semester:</p> <ul style="list-style-type: none"> - 15 studiepoeng i engelsk fagdidaktikk - 15 studiepoeng i teori og metodekurs (vekta slik: 5 studiepoeng fag, 5
----------------------------------	--

	<p>studiepoeng fagdidaktikk og 5 studiepoeng pedagogikk)</p> <p>3. semester: - Obligatoriske oppgåver - Arbeid med masteroppgåva, til dømes feltarbeid</p> <p>4. semester - Arbeid med masteroppgåva</p>															
	<table border="1"> <thead> <tr> <th>Sem.</th> <th>Innhald</th> <th>Innhald</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>1</td> <td>Kurs i engelsk språk (15 studiepoeng)</td> <td>Kurs i engelskspråkleg litteratur eller kultur (15 studiepoeng)</td> </tr> <tr> <td>2</td> <td>Kurs i engelsk fagdidaktikk (15 studiepoeng)</td> <td>Kurs i undervisningsrelatert teori og metode (15 studiepoeng: fag, fagdidaktikk og pedagogikk)</td> </tr> <tr> <td>3</td> <td>Obligatoriske oppgåver Masteroppgåve</td> <td>Masteroppgåve: Bl.a. innsamling av materiale.</td> </tr> <tr> <td>4</td> <td>Masteroppgåve</td> <td>Masteroppgåve</td> </tr> </tbody> </table>	Sem.	Innhald	Innhald	1	Kurs i engelsk språk (15 studiepoeng)	Kurs i engelskspråkleg litteratur eller kultur (15 studiepoeng)	2	Kurs i engelsk fagdidaktikk (15 studiepoeng)	Kurs i undervisningsrelatert teori og metode (15 studiepoeng: fag, fagdidaktikk og pedagogikk)	3	Obligatoriske oppgåver Masteroppgåve	Masteroppgåve: Bl.a. innsamling av materiale.	4	Masteroppgåve	Masteroppgåve
Sem.	Innhald	Innhald														
1	Kurs i engelsk språk (15 studiepoeng)	Kurs i engelskspråkleg litteratur eller kultur (15 studiepoeng)														
2	Kurs i engelsk fagdidaktikk (15 studiepoeng)	Kurs i undervisningsrelatert teori og metode (15 studiepoeng: fag, fagdidaktikk og pedagogikk)														
3	Obligatoriske oppgåver Masteroppgåve	Masteroppgåve: Bl.a. innsamling av materiale.														
4	Masteroppgåve	Masteroppgåve														
Delstudium i utlandet:	Studentane kan ta delar av studiet i utlandet. Utanlandsopphald vert i så fall avtalt og lagt til rette i samarbeid med Institutt for framandspråk.															
Undervisningsmetodar :	<p>Undervisninga er forskingsbasert og omhandlar det teoretiske grunnlaget for faget, så vel som fagets metodar. Studenten skal gjennom studiet få møte ulike undervisningsmetodar, t.d. førelesingar, seminar, gruppearbeid, skriftlege og munnlege presentasjonar, omgreps- og problemfokuserede oppgåve, problembasert læring, skriveoppgåver, rettleiing og praktisk bruk av digitale verkty. For nærmare informasjon, sjå dei einsskilte emneplanane.</p> <p>Eit gjennomgåande trekk ved undervisninga skal vere å kombinere tileigning av fagleg kunnskap med kompetanse i å kunne leggje til rette for elevars læring og utvikling.</p> <p>I tillegg til den undervisninga som vert tilbydd, vert studentane oppmoda om å også sjølve organisere eigne kollokviegrupper og skrivegrupper.</p>															
Obligatoriske aktivitetar:	<p>Studentane skal ved avsluttande eksamen dokumentere at dei har fått godkjent dei obligatoriske oppgåvene. Sjå dei ulike emneplanane.</p> <p>Det er obligatorisk med rettleiing på masteroppgåva, og studenten må skrive kontrakt med ein rettleiar innan det fyrste studieåret.</p>															
Vurderingsformer:	I studiet inngår varierte vurderingsformer: For nærmare informasjon om															

	vurderingsformer, sjå emneplanane for dei einiskilde emna.
Karakterskala eller greidd/ikkje greidd	Det vert nytta karakterar for fagemna etter karakterskalaen A-F.
Krav til progresjon i studiet	Sjå utfyllande reglar for studiet for nærmare informasjon.
Undervisningsspråk	Det vert undervist på engelsk.
Oppnådd kompetanse for vidare studium	Studentane vil etter fullført toårig masterstudium få lektorkompetanse.
Yrkesvegar	Fullført og greidd studium kvalifiserer som lektor i engelsk med høve til å undervise i 5.–10. trinnet i grunnskulen og i vidaregåande utdanning. Studiet kvalifiserer òg for arbeid med engelskfaglege tekstar og arbeidsoppgåver i andre samanhengar. I tillegg vil studiet kvalifisere for doktorgradsstudium ved relevante program.
Oppstart	Hautsemesteret
Evaluering	Emne- og programevaluering vert gjennomførde med jamne mellomrom. Det kan nyttast ulike evalueringsformer.
Autorisasjon	
Programansvarlig	Det humanistiske fakultetet, Universitetet i Bergen.
Administrativt ansvarlig (institutt/senter og person)	

UNIVERSITETET I BERGEN

Det humanistiske fakultet
Programutvalet for lærarutdanning

Arkivkode

PUHF-sak: **09/13**

Møte: 09.12.09

Møtedatoar våren 2010

Alle tek med kalender på møtet, og vi gjer vedtak om møtetider for heile vårsemesteret.

Framlegg til vedtak: PUHF xxxxx.

Endre Brunstad

Erna Synnøve
Kjensjord

UNIVERSITETET I BERGEN

Det humanistiske fakultet
Programutvalet for lærarutdanning

Arkivkode

PUHF-sak: **09/14**

Møte: 09.12.09

Integrasjon i lektorutdanningsmodellen (diskusjonssak)

Til programstyremøtet 4.12. kom visedekan for utdanning ved HF, Jan Oldervoll, med eit diskusjonsutkast som gjeld lektorutdanningsprogrammet:

<http://tjinfo.uib.no/Vedlegg?id=9c97507eaab6881a02fde39b9725b151> (sjå òg vedlegg neste side).

Utkastet har ikkje vore til orientering i lærarutdanningsmiljøet ved HF eller i styringsorgan ved HF, og visedekananen har presisert at det ikkje er tale om HF sitt framlegg. PUHF vil i denne omgang ikkje ta opp dette spørsmålet som møtesak, fordi det ikkje er noko formelt utspel om endring av modellen. Vi har òg som utgangspunkt at viserektor ved UiB, no prorektor, Berit Rokne Hanestad, tidlegare har sagt at lektorutdanningsmodellen skal gjelde i alle fall fram til første kullet er uteksaminert, og det vil vere i 2012. Samtidig er det eit faktum at det frå fakultetsleiinga har kome nye signal når det gjeld lektorutdanningsprogrammet, og at fråfallsproblematikken skaper eit press imot lektorutdanninga. Det set òg fokus på det kompliserte ved strukturen, som igjen heng saman med overordna målsetnader om integrasjon. Integrasjon mellom fag, fagdidaktikk, pedaogikk og praksis har vore overordna målsetnader som har kunne legitimert svekkinga av fagleg fordjuping i lektorutdanninga. Det vil vere det fagdidaktiske miljøet sitt ansvar å tydeleggjere kva som konkret ligg i integrasjon, og *om* og korleis den integrasjonen faktisk kjem til uttrykk i dag. Det vil vere aktuelt for PUHF å få engasjert det fagdidaktiske miljøet til diskusjon kring dette spørsmålet våren 2010, t.d. gjennom eit utvida møte mellom fakultetsleiing, lærarutdanningsmiljøet ved HF og PUHF.

Framlegg til vedtak: PUHF går inn for at det våren 2010 vert arrangert eit møte mellom PUHF, fakultetsleiing og lærarutdanningsmiljøet ved HF der spørsmålet om integrasjon (mellom fag, fagdidaktikk, praksis og pedagogikk) i lektorutdanning vert fokusert.

Endre Brunstad

Erna Synnøve
Kjensjord

Vedlegg 2, Møte i programutvalet for lærarutdanning ved HF 09.12.09

Integrert lektorutdanning med master i humanistiske fag

Skisse, Jan Oldervoll, 2.10 2009

Dette er ein mastergrad av 300 studiepoengs omfang, som altså ikkje byggjer på ein bachelorgrad.

I graden inngår følgjande element:

I dag ser graden slik ut:

- 20 studiepoeng tradisjonelt førstesemesterstudium, ex.phil. og akademisk skriving
- 30 studiepoeng pedagogikk
- 30 studiepoeng didaktikk
- 80 studiepoeng fag 1
- 50 studiepoeng fag 2
- 90 studiepoeng masteroppgåve med tilhøyra fagleg emne

I tillegg kjem tre periodar med praksis. Fagstudiet er delvis det normale fagstudiet, delvis spesialemne. Spesialemna synest særleg å ha som funksjon å gje eit høveleg studiepoengtal pr semester for å kunna kombinera med 5 og 10 studiepoengs pedagogikk- og didaktikkemne og er gjerne vanlege emne som er blitt redusert ved at noko av pensum og dei siste førelesingane er blitt fjerna. Eg kan ikkje forstå anna enn at slike emne fagleg sett har sine svake sider. Å få bort desse spesielle emna vil spara både undervisnings- og administrasjonsressursar.

Pedagogikkemna, didaktikkemna og praksis er spreidde gjennom heile studiet og går parallelt med fagemna. Det fører for til timeplanleggjing blir svært komplisert og også til at kalenderen til studentane er vanskeleg å halda styr på.

Eit alternativt opplegg vil vera først å justera emna slik at dei høver med emnestorleiken ved faga ved fakultetet, eit multiplum av 15. Eg vil føreslå 75 for fag 1 og 60 for fag 2; altså ei styrking av fag 2 slik at ein også oppfyller normalkravet til undervisningskompetanse. Men då har ein også tatt fem ekstra studiepoeng. Det kan løysast enten ved at pedagogikk mister fem studiepoeng eller at me fjernar akademisk skriving frå det integrerte løpet og gjev enten pedagogikk eller fagdidaktikk fem ekstra. Dessutan vil eg forslå at pedagogikken og fagdidaktikken blir konsentrert til eigne semester for å sleppa koordineringsproblema.

Då vil studiet sjå slik ut:

Semester	Fag/emne	Studiepoeng
1 (haust)	Ex.phil, pedagogikk og evt. akademisk skriving	10+20 evt 10+10+10
2 (vår)	Fag A	30
3 (haust)	Fag A	30
4 (vår)	Pedagogikk, fagdidaktikk fag A, praksis	15+15
5 (haust)	Fag B	30
6 (vår)	Fag B	30
7 (haust)	Fagdidaktikk fag B+ bacheloroppgåve (fag A eller B), praksis	15+15
8 (vår)	300-emne i same fag som bacheloroppgåva	30
9 (haust)	Masteroppgåve i same fag som bacheloroppgåva	30
10 (vår)	Masteroppgåve i same fag som bacheloroppgåva	30

I utgangspunktet kan alle deltakande fag vera både A-fag og B-fag.

Dette opplegget har slik eg ser det klare fordelar:

- Under fagstudiet vil studentane bli å oppfatta som 'normale' som ein ikkje treng taka spesielt omsyn til, endå om det sjølvstakt er ope for faga å laga særskilte emne for dei, om ein så ønskjer og har kapasitet til det. Dette vil vera kostnadssparande, men vil truleg også gjera studiet enklare for studentane. Ein kan sjølvstakt setja krav til kva emne som må vera obligatoriske for studentane i denne graden.
- Studentane treng ikkje bestemma kva fag dei vil ta mastergraden i før i sjuande semester; dei får større valfridom, noko som truleg kan vera med å minka fråfallet.
- Fagdidaktikken kjem etter at studentane er ferdig med 60 studiepoeng; noko eg ser på som ein fordel.
- Opplegget krev i utgangspunktet at det blir undervist i fagdidaktikk og gjeve praksisopplæring både i vårsemester (fag A) og i haustsemesteret (fag B). Det vil gje stor fleksibilitet, særleg for dei som av ein eller annan grunn ikkje kan halda vanleg progresjon.
- Alternativt kan ein del fag (i prinsippet alle) definerast som enten A-fag eller B-fag og ein treng så leis berre ha fagdidaktikk og praksis i eit av semestra. Det vil spara undervisningsressursar, men ein vil mista fleksibilitet og dermed truleg også gjera opplegget tyngre å administrera.
- Det burde føra til at pedagogikk- og didaktikk-undervisninga i større grad kan samordna med PPU-undervisninga og kanskje også med den komande mastergraden i undervisning.

Her er også ulemper:

- Ein vil truleg tapa kullkjensla fordi studentane alt frå semester 2 vil verta spreidde på fag utan felles undervisning. Dette kan jamvel syna seg å vera ein faktor som fører til fråfall.
- 300-emnet vil ofte koma i feil semester om studentane skal ta det same som andre mastergradstudentar; desse skal ta emnet i vårsemesteret, medan dei ordinære masterstudentane börjar om hausten.

Totalt meiner eg denne modellen har så klare fordelar at den bør diskuterast nærar. Kanskje den viktigaste fordelan er at den administrativt vil vera mykje enklare; noko som ikkje minst er til fordel for studentane.

Eksempel på studieløp etter det noverande systemet:

1. semester:

- Ex.phil. (10 sp*)
- Språk og kommunikasjon (10 sp)
- Innføring i pedagogikk (10 sp)

2. semester:

- Emne i tysk (30 sp)

3. semester:

- Emne i tysk (25 sp)
- Fagdidaktikk (5 sp)
- Skoleerfaring

4. semester:

- Emne i engelsk (30 sp)

5. semester:

- Emne i engelsk (20 sp)
- Fagdidaktikk (5 sp)
- Pedagogikk (5 sp)
- Skoleerfaring

6. semester

- Spesialiseringsemne i tysk (25 sp)
- Fagdidaktikk (5 sp)

7. og 8. semester

- Masteremne i tysk (30 sp)
- Fagdidaktikk (15 sp)
- Pedagogikk (15 sp)
- Praksis (13 veker)

9. og 10. Semester

- **Mastergradsoppgåve (60 sp)**